

LUNDENG, DRAGE OG JOHANSEN: KIMER I KLOKKER

Stadeigne jolemelodiar frå Nordland er ikkje daglegdags vare. Her er dei i tillegg formidla av nokre av dei fremste folkemusikkutøvarane i den nordlege landsdelen vår.

Rundt omkring i landet finst det små skattar i form av melodiar som ein gong vart brukte. Melodiar som fanst i minnet, og som krølla seg rundt drøvelen, men som ein no finn mest i arkiv og nedteikningar. Heldigvis finst det skatteleitarar som leitar fram att desse melodiane. På denne plata er det Susanne Lundeng, Bjørn Andor Drage og Nils-Olav Johansen som har leita fram folketoneskattar. Susanne er feledronninga frå Bodø, og på plata bidreg ho med både fele og song. Med seg på plata har ho heile to professorarar, ein professor i orgel, Bjørn Andor Drage, og ein professor i jazzgitar, Nils-Olav Johansen. Nils-Olav bidreg òg med song på nokre av låtane. Saman gjev dei oss jolemusikk med stadeigne lokale melodiar frå Nordland.

Med seg på laget har dei tekstar frå nokre av dei største salmediktarane i landet. Me nemner i fleng vår personlege favorittsalmediktar, Elias Blix. Me elsker Blix! Elias kom frå Gildeskål, men enda opp som professor i hebraisk, kyrkjeminister og som Noregs kanskje mest populære og produktive salmediktar. På lik line med alle

andre populære folk skreiv han sjølvsagt på nynorsk. Han levde på den tida då folk i Nordland forstod at det var nynorsken/landsmålet som var det store. På mange måtar var det difor betre før.

I tillegg til Elias Blix møter me tekstar av Petter Dass, Ole Tobias Olsen, Marcus Caspar Volqvartz og danske Hans Adolph Brorson. Tekstane på plata er tonesette med gamle folketonar hovudsakleg frå Salten, Helgeland og Lofoten.

Dei religiøse folketonane på plata er ei blanding av optimisme og alderdomleg tristheit, undring og søking. Kanskje er dei vakrast fordi me forstår kor mykje dei har betydd for folk, og fordi melodiane er så uendeleg såre. Salmane framstår som sjølv livet, som draumar om eit godt liv og ein god død. Og salmane på plata er meisterleg formidla. Tradisjonen tru er det gjerne to tema som går att, Gud og Jesus. Fyrste spor på plata, «Gud einast Gud», er nettopp ein hyllest til Gud. Ein kunne vorte religiøs av mindre. Og ein skjønar godt kvifor religion er ei greie, når Gud gjer sitt til at «til Jordi fagnad kom og fred». Dei fleste vil vel ha fagnad og fred. Utøvarane på plata formidlar vart stemninga i låten, ei meditativ framføring av dette eine verset.

«I denne søte juletid» er ein vakker instrumentalversjon av låten, basert på ein folketone frå Salten. Her kjem fela til Lundeng til sin rett, kransa inn med orgel og perkusjon. Denne går det an å dansa ein sein reinlender til. Eller rudl. Eller du kan gifta deg til han. Du kan sikkert ha han på øyro når du skriv under skilmisspapira òg, du kan kasta skilmisspapira rundt deg medan du snurrar rundt og rundt. Låten ber preg av optimisme. Når me høyrer på

han, så tenkjer me at alt kjem til å ordna seg til slutt. Alle plater har vel kanskje ein song eller to som ein høyrer på om att og om att, på denne plata er dette denne songen for oss.

«No koma Guds englar» er ein Blix-klassikar formidla med to ulike folketonar, og desse tonane kan me lika. Musikarane har løyst dette ved at annakvart vers har ulik tone, og denne vekslinga gjev ein fin dynamikk. Me oppdagar at eine melodien kan ein dansa vals til, eller ein sein slengpolka. Snasent. På låta høyrer ein orgel, song og litt triangel-klirr-klirr som understrekar valsetakta. Me elsker orgel og song. Ein



SUSANNE LUNDENG,
NILS-OLAV JOHANSEN OG
BJØRN ANDOR DRAGE:
KIMER I KLOKKER

Heilo/Grappa, 2019

14 spor, 54 minutt

Susanne Lundeng: fele og song; Drage:
orgel; Johansen: jazzgitar og song



kan lesa i omslaget at dette var den fyrste salmen som vart formidla på nynorsk, det hende i Høydalsmo kyrkje i 1884. Det er med andre ord historisk sus over denne.

Plata har to songar vigde til Maria. «Maria brudesmykke» er ein ny salme for oss, sjølv om han er gamal. Her er musikarane smarte og byggjer opp låten litt som ei novelle. På vers tre handlar teksten mellom anna om orgel, og der kjem orgelet inn for fullt, novella sitt høgdepunkt. Her er det lagt vekt på tekstformidling, men teksten er litt gamalmodig, så her kan du gjerne opna teksteftet for å få med deg handlinga. Moralen her er gudsfrykt med nøysamheit, og me kan vel tolka det inn i samtida med å mana til nøysamheit i desse klimakrisetider. «Maria besøkelsetid» har tone frå Brønnøysund, men me er usikre på om han er registrert i Brønnøysundregistra, det kjem nemleg ikkje fram av songen. Her er det Ole Tobias som syng. Litt uti songen finn me at «Maria begynner at tone sin sang med berømmelig lyd: Min tunge skal kvæde for herren med glede». Me visste ikkje at Maria var glad i å kvæda, men dette gjer oss sikre på at dersom Maria hadde levd i dag,

så hadde ho søkt om medlemskap i Norsk kvedarforum. Hadde ikkje vore verst med Maria som æresmedlem, serru.

Nokre av låtane på plata framstår som alderdomleg triste. Og det er fint, det òg. «Salighet er oss nær» har ein melodi som er ein folketone frå Vega. Den handlar om trøysta i siste stund, og me er eigentleg usikre på om teksten er glad eller trist. Draumen er å stiga inn i himmelen, med kvite klede og palmegreiner, alt medan ein drikk engledrikk. Dette høyrst fint ut, så kanskje ein kunne spandert på seg litt meir tonal glitterdur. Men slik er det no eingong. Ein annan litt deprimerande song er «Gamle året», som på mange måtar er ein slags livsfilosofi over åra og dagane som går, sol og dag sigrar, medan mørkeret er dømt til nederlag. Men når åra går og endepunktet nærmar seg, kjem det ei natt til slutt, eller er det ljøs der nede i grava? Me i Tvillingfolk kan diverre ikkje svara på kva som skjer til slutt, men me tenkjer at dette er nachspiel-songane på plata. Tittelsporet «Kimer i klokker» baserer seg på ein folketone frå Salten, tekst av Grundtvig. Endå eit innslag der ein har tekst som trass alt er

optimistisk, medan melodien er litt trist. Låten har eit lengre instrumentalt innslag med orientalsk preg.

I meldingane av joleplater i fjor forska me på kva song som var mest brukt på platene. Konklusjonen var at «Eit barn er fødd i Betlehem» var den mest populære folkemusikalske jolesongen. Difor er det gledeleg at tradisjonen er halden i hevd med at denne plata har ein versjon av same låt, nedteikna av Ole Tobias Olsen. Både tekst og melodi kjem frå mellomalderen, og strengeinstrument med song understrekar det historiske preget her.

Ein annan klassikar er «Mitt hjerte alltid vanker» med melodi frå Salten. Og den er like vakker som han alltid er.

Musikken på plata er stor og mektig, og solid utført av utøvarar som veit kva dei vil få fram.

Denne plata er kjærleik til Nordland. Til det ljose og det litt mørke. Framført av fantastiske musikarar. Om du vil sjå og høyra denne musikken, så skal dei ut på turné i desember, så strøym ut i verda, kim som ei klokke, klirr som eit triangel, gå på konsert og lær dykk desse songane.

«Denne plata er kjærleik til Nordland. Til det ljose og det litt mørke. Framført av fantastiske musikarar.»

